

## Årsmelding Fyresdal Turlag 2019

Laget som blei etablert i april 2015, har hatt fylgjande styre i 2019:

Sven Lie, leiar

Ragnhild Berge, sekretær

Gunhild Momrak, turleiar

Grethe Lassemo, styremedlem

Sigmund Nærum, styremedlem

Valkomit :

Rita Tuften Metveit, leiar

 se Breiland

Hans Haakenstad

Fyresdal Turlag har hatt fylgjande saker i 2019:

1. Det har blitt halde 4 styrem ter i tillegg til  rsm te og toppturkveld.
2. Innlegget i AAT sitt hefte Austheine 2019 var brosjyra til Vandretelemark med alle turane i Telemark. Fyresdal har to turar med: Igletj nnuten og Roan og Fyresdal Bed&Breakfast er ein Velkommen vandrar bedrift.
3. Turlaget har trykt opp Turprogram 2019 i 350 eksemplar. Turprogrammet blei dela ut til turdeltakarar, turistinformasjonen i Fyresdal, Vr dal og AAT i Arendal. I tillegg er alle turane lagt inn i Naturlosen 2019 utgjeven av Friluftsr det S r. Alle turane er og lagt ut i kommuneinformasjonen, p  Facebook og Fyresdal kommune under «Kva skjer».
4. Turlaget har 18 fadderar som utf rer dugnadsarbeid med vedlikehald av turstigane. I  r har det vore ein del arbeid med   gjere ferdig skiltprosjektet og det er blitt sett opp startpunkttafle til S tdalsvarden. I tillegg administrasjon av UT.no, SjekkUT, Facebook, kommuneinformasjonen og utarbeiding av turprogram.
5. Turlaget s kte p  vegne av Fyresdal kommune Statens Vegvesen om skilting med informasjon om avstand til Moisesberg gruver fr  FV 355 ved avkj rsla til Fjellgardane. S knaden blei innvilga og skilt vil bli sett opp i l pet av 2020.
6. Det var dugnad p  Hamaren 7. mai med Bygdekvinnelaget, der det blei rydda vindfall som blei saga opp til ved til R de Kors, i tillegg rydding av  ynevegen.
7. Dugnadsinnsatsen i 2019 har vore god. Det blei gjennomf rt totalt 185 dugnadstimar fordela p  40 timar administrasjon og 145 timar ute i felt. Alle faddarane fekk kvar si Bergans DNT jakke med merke dugnad p  som takk for mange  rs friviljug innsats.

8. Årets fyrste aktivitet var Kom-deg-ut-dagen 3. februar på Kvipt. Eit samarbeid med Birtedalen sti og løypelag, Fyresdal Røde kors og Fyresdal Turlag. Vi fekk besøk av ca. 70 deltakarar som kosa seg med skileik i bakkane og quiz langs skiløypa. Det blei servera gratis suppe og kaffi ved bålet.
9. Turlaget har i 2019 arrangera turar kvar tysdag, i tillegg 6 dagsturar, totalt 55 turar. Frå starten av året til årsskiftet har 466 deltakarar vore med, 9 pers i snitt. Frå påske og til og med september, 27 turar med 300 deltakarar, dette er i snitt 11 pers. Mest på Kviptefjellsturen med 32 deltakarar. På toppane: Frå juni til juni (bygdedagen) 4383 personar, mest besøkt er framleis Kviptefjell med 661 personar. (Hamaren er ikkje med ).
10. Under heile året har 95 deltakarar registrert 430 besøk i SjeckUT på dei 21 turmåla.
11. Toppturkort/Toppturkort-Ung.  
Turlaget heldt fram med toppturkorta med trekning av besøk på toppane med premiering på bygdedagen. I tillegg lanserte turlaget eit nytt toppturkort i fjor, Toppturkort-Ung for unge opp til 16 år, med poeng etter høgdemeter på fjellet, som og blei premiera på bygdedagen. Premiar for flest besøk og flest ulike turmål i SjeckUT blei dela ut på jolemarknaden.
12. Turlaget hadde stand på Bygdedagen og arrangerte elvelotto med god inntekt.
13. Toppturkvelden samla i år 31 deltakarar.
14. Turlaget har arrangera PC/fotokurs i januar og februar og november og desember med 6 deltakarar med fokus på å lage fotobøker.
15. Turlaget deltok på jolemarknaden i desember med sal av kalendrar, bålkos og kaffi.
16. Turlaget sto som søkar til Sparebankstiftelsen DNB i prosjektet Hamaren til nye høgder. Det blei søkt om kr. 2.000.000,- og det blei innvilga kr.2.000.000,- i tillegg ein søknad til Gjensidige Stiftelesen på kr. 286.370, innvilga kr. 286.370 . Båe beløpa går til prosjektet og pengane står på ein eigen konto skild frå turlaget sin økonomi.
17. Medlemstalet er 43 personar i 2019.
18. Økonomien er god. FTL hadde per 31.12.2019 på konto kr. 18.316,-

2020-01-29

Styret i Fyresdal Turlag